



Vår dato:

18.05.2021

Vår ref:

2021/1231

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Austevoll kommune
Kommunehuset
5392 STOREBØ

Saksbehandlar, innvalstelefon
Marit Lunde, 57 64 30 05

Austevoll kommune - budsjett 2021 og økonomiplan 2021 - 2024

Austevoll kommunestyre har i møtet 17.12.2020, sak 168/20, handsama og vedteke budsjett 2021 og økonomiplan for 2021 – 2024. Statsforvaltaren har motteke saksdokumenta til orientering.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Statsforvaltaren at budsjett og økonomiplan er i balanse, og at det ikkje er budsjettert med uspesifiserte innsparingar. Dette brevet er ei enkel tilbakemelding om korleis Statsforvaltaren vurderer kommunens økonomi og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan.

Som følgje av covid-19 får kommunane ulike utfordringar med økonomien. Våre vurderingar er gjorde med grunnlag i kommunens opphavlege budsjett og økonomiplan, og vi vil følgje konsekvensane av covid-19 særskilt opp i samband med statlege tiltak som blir sett i verk.

Oppsummering

Det er budsjettert med positive netto driftsresultat i heile planperioden, og driftsoverskota vert avsett på fond. Kommunen har god økonomi til å yte tenester til innbyggjarane sine, og har lenge hatt skatteinntekter godt over snittet for landet. Det er bra at ein har opparbeidd seg eit disposisjonsfond som gir kommunen eit handlingsrom ved uføresette hendingar eller endringar i inntekter som kommunen ikkje sjølv rår over.

Den langsiktige gjelda ligg over kommunen sitt måltal og over landssnittet ved inngangen til perioden. Etter mange år med stadig auke i gjelda, er det no bra at samla langsiktig gjeld viser ein nedgang frå og med 2023.

Budsjett 2021

Budsjettet er vedteke i balanse med eit positivt netto driftsresultat på 12,3 mill. kroner. Dette utgjer 2,68 prosent av brutto driftsinntekter og ligg soleis godt over det anbefalte nivået frå Teknisk berekningsutval (TBU) på 1,75 prosent. Mindreforbruket skal avsetjast til disposisjonsfond.



Budsjettert skatteinntekter og rammetilskot (frie inntekter) samanlikna med statsbudsjettet og oppdatert KS-prognosemodell med nye folketal viser at kommunen sitt budsjett ligg litt under dei budsjetterte tala i prognosemodellen.

Sum investeringar i anleggsmiddel utgjer 59,2 mill. kroner. Dette skal finansierast mellom anna med opptak av nye lån på 43,5 mill. kroner, bruk av ubrukta lånemidlar på 4,9 mill. kroner og bruk av fond på 3,3 mill. kroner. I tillegg skal det takast opp lån i Husbanken på 12 mill. kroner til vidare utlån. Dei største investeringane finn vi innanfor pleie- og omsorgssektoren for 2021.

Økonomiplan 2021 – 2024

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyrets prioriteringar og løyvingar og dei mål og premissar som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.

Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter for 2022 – 24 viser positive resultat i heile perioden, sjølv om driftsresultatet blir noko redusert dei siste åra. I 2024 utgjer resultatet 4,3 mill. kroner og tilsvrar 0,90 prosent av driftsinntektene. Driftsresultatet blir kvart år avsett til fond.

Det er ikkje lagt inn vesentleg auke i driftsinntekter eller driftsutgifter ut over løns- og prisvekst og aktivitetsnivå generelt i perioden.

Førebelse Kostra-tal viser at kommunen har ei langsiktig gjeld (ekskl. pensjon) på om lag 610 mill. kroner i 2020. Dette utgjer 111,2 prosent. Snittet for landet (ekskl. Oslo) utgjorde 117,2 prosent, slik at kommunen ligg under landssnittet på langsiktig gjeld i prosent av driftsinntekter i 2020.

Det er budsjettert med investeringar i anleggsmidlar for samla 116 mill. kroner i planperioden. Dette betyr at i 2021 aukar gjelda til 130 prosent, og i 2022 til om lag 136 prosent før ho går ned i 2023 til om lag 132 prosent av brutto inntekter. Etter innbetaling av avdrag utgjer lånegjeld per 31.12.24 om lag 624 mill. kroner, som utgjer om lag 130 prosent av dei budsjetterte inntektene. Det er budsjettert med ein auke i rente- og avdragsutgifter kvart år i perioden, som følgje av auken i gjelda. I 2024 utgjer samla auke om lag 1,5 mill. kroner samanlikna med 2021.

Folketalet viser ein positiv auke siste året med ein vekst på 0,76 prosent, til 5 276 innbyggjarar. Demografien viser lågare fødselstal, og at kommunen vil få størst auke i dei eldre årsklassane.

Finansielle måltal

Etter kommunelova § 14-2 bokstav c skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal (handlingsreglar) for utvikling av kommunens økonomi. Finansielle måltal skal brukast i planlegging og styring, som grunnlag for å ta i vare den økonomiske handleevna over tid. Kommunestyret har vedteke følgjande handlingsreglar/finansielle måltal:

- Disposisjonsfond minimum 13 % av samla inntekter
- Gjeldsgrad bør vere på 90 % av samla inntekter
- Netto driftsresultat på 1,75 %

Kommunen ligg høgare enn måltalet på netto driftsresultat dei to første åra, og ligg likt og litt under dei siste to åra. Ved inngangen til perioden ligg resultatet godt over det anbefalte nivået på disposisjonsfond frå TBU. Kommunen sitt måltal er på 13 prosent, og disposisjonsfondet utgjer om lag 24 prosent etter førebelse tal for 2020. Den langsiktige gjelda ligg over måltalet og utgjer om lag



130 prosent i 2024. Etter mange år med stadig auke i lånegjelda, vert det nedgang frå og med 2023. For seinare år kan startlåna takast med i den nedste delen i skjema knytt til § 5-5, sidan desse er sjølvfinansierande.

Statsforvaltarens vurderingar

Kommunen har god økonomi til å yte tenester til innbyggjarane sine og har lenge hatt skatteinntekter godt over snittet for landet. Det er bra at ein har opparbeidd seg eit disposisjonsfond som gir kommunen eit handlingsrom ved uføresette hendingar eller endringar i inntekter som kommunen ikkje sjølv rår over.

Måltala er fornuftige ut frå dagens økonomiske situasjon sjølv om kommunen ikkje greier å oppnå måltalet for gjeld i inneverande periode. Det er teke høgde for ekstra utgifter som følgje av investeringane som er planlagde i perioden, og det er bra at gjelda viser ein nedgang frå 2023.

Budsjett- og økonomiplandokumenta gir ei god orientering for kvart tenesteområde. På sikt kan dei kanskje også vise mål og utviklingsoppgåver for kvart område, der einingane har slike planar. Det er og ønskjeleg at det kan takast med ei samla oversikt som viser inneståande og bruk av fond for kvart av åra i perioden, for å sjå korleis dette utviklar seg sett opp mot måltalet for disposisjonsfondet.

Ved å styre etter måltala vil resultata sikre den økonomiske handleevna over tid ved at ein tek vare på formuen sin, kan oppretthalde ein buffer i drifta og ha midlar til eigenfinansiering av investeringar. Det siste er nødvending for å snu ei aukande lånegjeld, og oppnå kommunestyret si målsetjing for lånegjelda.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
fung. statsforvaltar

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent